



TERJE K. LARSEN
Kongsvingervegen 707
2100 SKARNES

Manglande opplysningar – varsel om avslag på søknad Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

Gnr 45 Bnr 1 Radøy - Mangersnesveien 21 - Manger - Radøy kommune - midlertidig bygg

Vi viser til søknaden av 30.04.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå ansvarlig søker Terje K Larsen på vegne av tiltakshavar Radøy kommune.

Arbeidstilsynet har mottatt følgende:

- Epost med oversending av søknad om samtykke med vedlegg, datert 30.04.2018
- Kopi av «søknad om tillatelse uten ansvarsrett», datert
- Skjema med aktuelle arbeidsmiljøfaktorer (opplisting)
- Situasjonsskart Manger skule, datert 20.04.2018
- Plantegning for tiltaket, datert 19.04.2018
- Fasade- og snittegning for tiltaket, datert 19.04.2018
- Perspektivtegning for tiltaket, datert 19.04.2018
- Tegning av grunnplan, datert 19.04.2018
- Tegning og beskrivelse av grunndetaler, datert 19.04.2018
- Vedlegg til dokumentasjon for ivaretaking av helse-, miljø og sikkerhet (arbeidsmiljøfaktorer)
- Dokumentasjon for ivaretaking av helse-, miljø og sikkerhet
- Søknad om Arbeidstilsynet sitt samtykke, datert 23.04.2018

Tiltaket omhandlar oppføring av midlertidig skulebygg. Tiltaket er modulbygg som skal brukast som klasserom.

Før Arbeidstilsynet kan ferdigstille søknad om samtykke treng vi noko meir dokumentasjon. Det framgår ikkje kva som er planen etter at perioden det vert søkt om er over. Vidare er det heller ikkje noko beskrivelse av tilgang til personalfasilitetar. Det er opplyst at det er bøttekott i tilknytning til våtromsdelen. Dette må visast på tegning.

Manglande opplysningar



Ein søknad om samtykke til Arbeidstilsynet skal dokumentere at rammene i bygget er utforma slik at sikkerheita, helsa og velferda til arbeidstakarane er tatt vare på både på søknadstidspunktet og i framtida ved at arbeidsplassar og arbeidslokale er lagde til rette og utforma med tanke på arbeidet som skal utførast, den enkelte arbeidstakaren og særskilde risikoforhold.

Før Arbeidstilsynet kan behandle saka ferdig og eventuelt gjere vedtak om samtykke, treng vi desse tilleggsopplysningane:

- Dokumentasjon på kva som skal skje etter søknadsperioden er over
- Beskrivelse av personalfasilitetar, avstand etc.
- Tegning og beskrivelse som viser at det er reinhaldsrom i bygget

For ordens skyld opplyser vi om at kommunen ikkje kan gi løyve til å sette i gang byggearbeida før Arbeidstilsynet har gitt samtykke, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Radøy kommune blir med ein kopi av dette brevet gjord merksam på at Arbeidstilsynet ikkje har gitt samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9.

Kva må de gjere?

Ei skriftleg tilbakemelding med utgreiing og dokumentasjon for kvart av punkta over må sendast til oss innan 30.06.2018. Dersom vi ikkje innan fristen har fått dei tilleggsopplysningane vi ber om over, vil vi avslå søknaden om samtykke basert på opplysningane i søknaden slik han ligg føre no.

De kan klage

Kravet om ytterlegare opplysningar har heimel i arbeidsmiljølova § 18-5. De kan klage dersom de meiner at de ikkje har plikt eller lov til å gi frå dykk desse opplysningane, jf. forvaltningslova § 14. Fristen for å klage er tre dagar frå de får dette brevet. For nærmare opplysningar om klageinstans og framgangsmåte, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representanten for dei tilsette.

Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjetle ledd og 18-6 åttande ledd.

Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no, eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Arbeidstilsynet gjer oppmerksam på at det er innført ny blankett 5177 som skal brukast ved søknad om samtykke. Endringane består i hovudsak av opplysningar knytte til fakturamottakar. Blakett finst her:

www.dibk.no.



Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/23501 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland
tilsynsleder
(sign.)

Rune Joar Ravnestad
seniorrådgiver
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
RADØY KOMMUNE

Radøyvegen 1690 5936 MANGER